

Temaguide og forslag til spørsmål for djupneintervju med pasient nr

<p style="text-align: center;">Kort innleiing</p> <p>Gjenta føremål med studien og lydband, sikrer lagring og transkribering Avklare rammene for dette intervjuet</p>
<p style="text-align: center;">Opning - Bakgrunnsinformasjon, å bryte isen</p>
<p>I kva år er du fødd?</p> <p>Bur du saman med nokon? Alt: kven er dine nærmaste?</p> <p>Kvar bur du? (om aktuelt - by/land - stor by, liten by, tettstad, bygd)</p> <p>Kva er di utdanning?</p> <p>Korleis er situasjonen din i forhold til jobb no?</p> <p>I kva år hadde du fedmekirurgi?</p> <p>Kva slags type operasjon har du hatt?</p>
<p>STARTAR LYDBAND HER</p>
<p style="text-align: center;">Korleis deltakaren har det etter fedmekirurgi</p> <p><i>Korleis har du det no for tida, med tanke på operasjonen du hadde for nokre år sidan? Kan du fortelle om prosessen etter at du vart operert?</i></p> <p>Følgje opp, prøve å konkretisere, få tak i kva som står på spel her og no.</p>
<p style="text-align: center;">Utdjuping</p>
<p>Når det gjeld vektproblematikk og ønsket om å gå ned, er kropp, mat og følelsar ofte fletta saman</p> <p><i>Kan du fortelje litt om korleis du har det med vekt, mat og kroppen din no? (Korleis var det før?)</i></p>

Temaguide og forslag til spørsmål for djupneintervju med pasient nr

Spesielt eteproblematikk, følelsar/«humørsvingingar» relatert til mat/vekt/kropp.

Korleis løyser du det med maten no?

Korleis er ein vanleg dag?

I kva situasjonar er det utfordrande å leve med «liten mage»?

Kva er utfordringane me d «å leve med liten mage»? Korleis løyser du dei?

Korleis har du det med å gå på vekta?

Kan du gje eksempel på ein situasjon der du la spesielt merke til/kjente at du har fått det betre/lettare etter operasjonen?

Kan du fortelje om ein episode eller noko som har skjedd der du har kjent på det å vere fedmeoperert som slitsamt, tungt eller stressande?

Kva konsekvensar har vektredusjon og endringar etter operasjonen hatt for deg?

Få fram nyansar – positive og negative

Har du nokon gong stått i fare for å miste noko som er verdifullt for deg, på grunn av at du jobbar med å gå ned i vekt, og endringane du må gjennomføre for å halde vekta?

Eksempel.

Korleis deltakaren erfarer sitt forhold til andre

Kan du fortelje om forholdet til dine nærmeste (familie, kjæraste, venner), og korleis det er, og har utvikla seg etter operasjonen?

Temaguide og forslag til spørsmål for djupneintervju med pasient nr

Utdjuping

Det å gå ned mykje i vekt, endringar i samspelet med andre og det å endre måten ein lever på i kvardagen, kan vere med å skape ein personleg endringsprosess som går over tid.

Kan du fortelje korleis du opplever deg sjølv når du er i lag med andre no?

*Om du er i eit **parforhold**, korleis opplever du dette no? (stemning, samspel, nytt rom - fridom, grenser, seksualitet).*

Evt: Korleis har du det med å ønske deg eller prøve å finne ein kjæraste/partnar/barn? (rødt flagg – kan innebere smertefulle erfaringar, sorg, tap, sakn)

Etter fedmekirurgi går ein ned i vekt og endrar seg på mange måtar, og mykje av dette er synleg for omgjevnadane.

Korleis har du det med «ta plass», og å vise deg sjølv og kven du er til andre no?

Korleis er det å bli tatt biletet av, fotografere seg sjølv, sjå deg i spegelen?

Korleis er det for deg å vere lettkledd/avkledd i private situasjonar saman med nokon av dine næreste?

*Korleis er det for deg å vere lettkledd/avkledd i offentlege rom?
(symjehall, strand, etc - her kjem kanskje det med hud opp. Om nokon har mykje å sei om det, vil eg gjerne følgje opp erfaringa med overflødig hud)*

Korleis er din situasjon når det gjeld hud, eller overflødig hud?

Temaguide og forslag til spørsmål for djupneintervju med pasient nr

Forventningane til livet etter kirurgi, og korleis det er i dag

Kan du sei litt om forventingane du hadde til livet etter fedmekirurgi?

Hadde du mål eller draumar som du ønskede å oppfylle? Korleis gjekk det?

Eksempel på ei viktig endring, at du innfridde ei forventing/nådde eit mål/oppfylte ein draum?

Har du eksempel på at noko som er viktig for deg og livet ditt som framleis ikkje har endra seg?

Har du nokon gong tvilt på prosessen etter kirurgi, å skulle gå ned i vekt og halde vekta? (frykt for å gå oppatt, uro, stress, angst)

Oppfølging og kontakt med helseinstansane

Kva oppfølging har du hatt etter fedmekirurgi?

Kva instansar har du vore i kontakt med?

Har du søkt/fått hjelp og støtte frå andre instansar enn fedmepoliklinikken?

Fastlegen er vanlegvis involvert. Andre? (Psykolog? Frisklivsentral? Rehabilitering? Fysioterapeut? Treningssenter?)

Har du eksempel der du har erfart at ein fagperson har oppfatta kva du treng, og gitt god hjelp då du trengte det? (rett støtte, rett nivå, rett tid)

Har du eksempel på situasjonar der behova dine ikkje vart møtt eller forstått, og at du ikkje fekk hjelpa du såkte?

Avrunding

Oppsummering av dei tema vi har vore gjennom.

Har du noko du har lyst til å fortelje, som eg ikkje har spurt om?

Korleis var det for deg å bli intervjuet om dette?

Førebuing til IPR intervju

Temaguide og forslag til spørsmål for djupneintervju med pasient nr

Til hausten skal du på poliklinikken til 2/5 års oppfølging, og eg har fått lov å filme møtet og intervju deg om korleis du erfarte det etterpå.

Fortelje om IPR –intervjuet ved bruk av den introduksjonen som vi skal bruke i sjølve IPR-intervjuet. Dette kan gjere deltakaren tryggare på situasjonen.

Har du spørsmål eller kommentarar til dette no?

Kva skal til for å legge til rette for ei ok oppleving på poliklinikken, mtp filming og intervju i etterkant? (avtale grenser for filming)

Slår av lydband her